

*Vedtekter for skulefritidsordninga  
i  
Hemsedal kommune*



Vedteke i Kommunestyret  
12.05.2016 K-sak 36/16

## **1. Eigar**

Hemsedal kommune er eigar og ansvarleg for drifta av skulefritidsordningane (SFO) ved Tuv og Ulsåk oppvekstsentra.

## **2. Retningslinjer**

SFO i Hemsedal vert driven i samsvar med vedtekter godkjende av kommunestyret, etter sentrale pålegg og føresegnar og etter dei krav som gjeld. Dei overordna måla for skulen vil og gjelde for fritidsordninga.

## **3. Formål**

SFO er eit tilbod til ungar i alderen 6 – 10 år. (1-4. årstrinn) og for barn med særlege behov (1.-7. årstrinn). Omsorg, leik og sosial læring der ungene tek ansvar for kvarandre og for felles oppgåver, skal vere hovudmålet. SFO skal vere ungene sitt frie rom der dei sjølve skal få høve til å bestemme, der dei kan utfolde seg i fri leik.

## **4. Administrasjon**

SFO er administrativt knytt til sektor for livsløp og politisk underlagt hovudutval for livsløp. Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO og leier det daglege arbeidet. Leiinga av SFO skal vera i samsvar med lov og forskrift. Administrasjonstida utgjer 20 % av heil stilling.

## **5. Bemanning.**

Bemanninga vert planlagt etter følgjande norm:

1 vaksen inntil 10 ungar

2 vaksne inntil 30 ungar

3 vaksne inntil 45 ungar

Samkøyring av bemanning med andre delar av oppvekstsentra bør vurderast. Det same gjeld samkøyring av bemanning mellom dei to skulefritidsordningane på Tuv og Ulsåk oppvekstsentra i feriar.

Ein føresett ein viss fleksibilitet i høve til talet på ungar per vaksen.

## **6. Foreldreråd – styre.**

Foreldrerådet er alle foreldra/føresette med barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og SFO.

Foreldrerådet vel ein representant til Samarbeidsutvalet (SU) ved oppvekstsentret.

Samarbeidsutvalet ved oppvekstsentra er styret for SFO.

Det skal haldast minst to foreldremøter i året, eitt i hausthalvåret og eitt i vårhalvåret. På haustmøtet vel foreldrerådet ein representant til SU. Administrativ leiar av SFO kallar inn til desse møta.

## **7. Inntak av barn.**

Målsettinga må vere at alle barn som ynskjer eit tilbod i SFO, får det.

Rektor syter for at søknadsfristen vert kunngjort og at elektronisk søknadsskjema ligg på Hemsedal kommune so heimside: [www.hemsedal.kommune.no](http://www.hemsedal.kommune.no) Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars.

Søklarar til hovudopptaket, som set anna dato enn 15.august, betaler frå oppstart av SFO-året. Hovudinntaket av barn som skjer om våren gjeld for eitt skuleår om gongen. Alle som søker innan fristen får plass.

Inntak i løpet av skuleåret kan skje etter nærare vurdering og dersom det ikkje fører til behov for auka bemanning. Dersom det er fleire søklarar enn det er plass til, vert inntaket gjort etter fylgjande vilkår:

1. Barn med særlege vanskar kan takast inn føre andre søklarar når det ligg ei fagleg vurdering til grunn for vurderinga av situasjonen og tilråding om inntak.
2. Barn av einslege foreldre i arbeid eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet/barna.
3. Barn som har begge foreldre/føresette i arbeid eller under utdanning.
4. 6-åringar kjem føre eldre barn

Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta mot barn for kortare periodar der det er særleg grunnar til det (sjukdom i heimen o.a. ).

Rektor og skulesekretær avgjer inntak. Oppvekstsjef får samla oversyn over inntaket.

Hovudutval for livsløp er klageinstans.

## **8. Oppseiing av plass.**

Dersom oppseiing av den faste plassen eller delar av plassen for komande SFO-år skjer etter 1. juni, vert august månad fakturert i samsvar med tildelinga av plass. Oppseiinga skal sendast på elektronisk skjema. [www.hemsedal.kommune.no](http://www.hemsedal.kommune.no)

Følgjande gjeld ved oppseiing av plass i løpet av SFO-året:

Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå 1. eller 15. i månaden. Oppseiingsfristen er 1 måned. Oppseiing kan ikkje skje etter 15. mai, og i tilfelle dette skjer, vil foreldrebetalinga likevel halde fram med fast månadleg beløp ut SFO-året.

Oppvekstsjef kan òg seie opp plassar med same frist dersom betalingsfristen vert overskriden med meir enn 2 månader.

## **9. Betaling.**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga for SFO ved budsjetthandsaminga kvart år.

Rekninga vert sendt ut forskotsvis kvar måned.

Det er foreldrebetaling for plass 10 månader i året.

Dersom meir enn 2 månader av foreldrebetalinga utestår, vert varsel om oppseiing av plassen sendt frå økonomiavdelinga i kommunen. Brukarar som mistar plassen grunna manglande betaling kan tidlegast få attende plass ved neste ordinære opptak.

## **10. Måltid.**

I SFO vert det til vanleg ikkje servert måltid. Barna må da sjølve ha med nistepakke.

## **11. Skifteklede**

Foreldre skal til ein kvar tid syte for at det er nok skifteklede, innesko samt namnemerke kleda til barna.

## **12. Opningstider.**

SFO følgjer skuleåret og startar 15/8. (6-åringane som skal begynne på 1. årstrinn, startar i SFO sine lokale veke 31, men saman med personalet frå barnehagen)  
SFO er open dei dagane som går inn i skuleruta.

I haustferien, vinterferien, i juni etter skuleslutt og i august før skulestart er det høve til å kjøpe dagar. SFO ved Ulsåk og Tuv skular samarbeidar utanom dei 38 vekene som utgjer skuleåret.

Dersom det er færre enn 10 påmelde barn på ein av skulane i feriane, vert Ulsåk SFO og Tuv SFO slått saman. Er det færre enn 10 påmelde barn frå Ulsåk SFO og Tuv SFO tilsaman, vert det vurdert om tilbodet kan gjevast i samarbeid med barnehagen. Påmeldinga må skje seinast 14 dagar før tilbodet vert gjeve og påmeldinga er betalingsbindande.

SFO er stengt i juli, jule- og påskeferie, andre fridagar i skuleåret jf. skuleruta samt inntil 6 planleggingsdagar som vert brukt til kompetanseheving hjå personalet. Desse dagane er til vanleg dei same som skulen sine.

SFO skal vere open frå kl. 07.30 til 16.30 kvar dag (måndag til fredag) når det ikkje er undervisning.

Tilbodet gjennom året er:

1, 2, 3, 4 eller 5 dagar i veka samt tilbod om berre morgon-SFO.  
Dagane skal vere faste.

## **13. Leike- og opphaldsareal.**

Innandørs har SFO sin base på skulen der dei har tilgang til gymnastikksal og formingsrom. Utandørs nyttar SFO dei felles uteareala som ligg til oppvekstsentra.

Kommunen har ansvar for å sikre alle barn og unge ein god oppvekst med eit positivt skulefritidstilbod der det er variasjon i aktivitetar utandørs og inne.

## **14. Skyss.**

Skulefritidsordninga er friviljug, og foreldre/føresette må sjølve syte for å bringe og hente barna når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast.

## **15. Endringer i vedtektene.**

Endringer av disse vedtektene må vedtakast av kommunestyret.

